



Dato: 06.05.2019  
Arkivref: 2018/518-11773/2019 / 503

Saksbehandlar: Alf Helge Greaker

alf.helge.greaker@bomlo.kommune.no

| Sak nr i møte | Utval         | Møtedato   |
|---------------|---------------|------------|
|               | Formannskapet | 21.05.2019 |
|               | Kommunestyret | 17.06.2019 |

## **KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL (KPS) 2019 - 2049 ENDELEG GODKJENNING**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommuneplandokument #Bømlo2049- «Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2019 – 2049» slik dette ligg føre i vedlegg til saka.

### **Dokument i saka:**

#### **Vedlegg:**

- #BØMLO2049 Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2019 – 2049
- NOTAT - om kysten og strandsona i #Bømlo2049
- Kommentarmatrise – offisiell merknadar i høyringsperioden februar – april 2019
- Innkomne merknadar – 29 originalar
- Kommentarmatrise (to i same PDF-fil) – «Samla innspel frå grendamøter i 2018 til kommuneplanen sin samfunnsdel» og «Mitt innspel - samandrag av innspel frå elektronisk skjema på Bømlo kommune sine nettsider»
- Stikkordsnotat frå tre dialogmøte i høyringsperioden februar – april 2019

### **Bakgrunn for saka:**

I gjeldande planstrategi for Bømlo kommune 2014-2018, godkjent i kommunestyret 19.09.16, er det vedteke at kommuneplanen skulle rullerast i denne kommunestyreperioden. Planprogrammet for rulling av samfunnsdelen vart godkjent i kommunestyret 19.03.18 (SAK 19/2018). Arbeidet med ny samfunnsdel tok til etter godkjenning av planprogram.

I planprogrammet blei det i punkt 4.2.1 peika på åtte viktige tema i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel:

A. Langsiktig arealbruk og framtidsretta bustadbygging, B. Næringsliv og sysselsetting, C. Digitalisering, D. Areal, transport og infrastruktur, E. Oppvekst og opplæring, F. Kultur, og idrett, G. Miljø, naturmangfald, friluftsliv og klima, H. Ei framtidsretta helse og omsorgsteneste, I. Mobilisere frivillige.

Desse tema er teke vare på og er sentrale i det endelege planframlegget.

## **Før høyring**

I planprogrammet blei det lagt stor vekt på medverknad. Store delar av 2018 blei nytta til ein brei og omfattande medverknads- og informasjonsprosess som danna grunnlaget for eit høyringsutkast til ny samfunnsdel. Kommunen var med og fasiliterte opne møter med samtlege grendautval. Innspela frå desse møta ligg samla i kommentarmatrise som vedlegg til denne saka.

Bømlo kommune hadde møtte i regionalt planforum med arbeidsutkast til ny samfunnsdel 23.01.2019.

Kommunen har prøvd ut nye medverknadsmetodar opp mot barn og unge, og fekk over tjue innspel via eit ope elektronisk skjema. Fleire av desse innspela blei implementert i høyringsutkastet og ligg samla i kommentarmatrise som vedlegg til denne saka.

I tillegg nytta kommunen sosiale media som informasjonskanal, arrangerte konkurranse for ungdom i samarbeid med BømloNytt, utarbeidde informasjonsmateriell og hatt stands, og blitt invitert til, samarbeid med, og stilt opp hos ulike lag og organisasjonar.

Gjennom prosjektet «Samskaping i plan», eit prosjektsamarbeid med Stord kommune i 2018, finansiert av Fylkesmannen i Hordaland sine skjønnsmidlar, har dei folkevalde delteke på seminar med overordna planlegging som tema. Kommunestyra i Bømlo og Stord kommune hadde ei felles samling på Rubbestadneset 08.11.2019. I forkant av møte i regionalt planforum, hadde formannskapet ei fagleg samling i Bergen 22.01.2019, med samfunnsplan som tema. Kommuneplanen sin samfunnsdel har også vore tema på samlingar for kommunale verksemder i løpet av 2018.

Dei politiske utvala og formannskapet har i prosessen fått førebuande saker i form av oppdatert oversynsdokument og fagnotat med overordna tema til samfunnsdelen.

Etter føringane i planprogrammet har ei styringsgruppe leia arbeidet undervegs og ei arbeidsgruppe har utarbeidd plandokument og handsama innspel, før og etter høyringsperioden. Dei folkevalde har vore representert både i styringsgruppe (ordførar, varaordførar, to representantar) og arbeidsgruppe (ved ordførar).

Basert på dette blei det laga eit høyringsutkastet til ny samfunnsdel som formannskapet sendte ut på høyring og offentleg ettersyn i møte 18.02.2019 (SAK 17/2019) med høyringsfrist 08.04.2019.

## **Under og etter høyringsperioden**

I den offisielle høyringsperioden frå februar til april 2019, arrangerte kommunen eit ope informasjonsmøte 07.03.2019 på Våge skule. I tillegg arrangerte kommunen tre dialogmøte på rådhuset, med tema landbruk og jordvern (14.03.2019), havbruk, fiske og friluftsliv (28.03.2019) og bygging og utvikling (02.04-2019). Stikkordsnotat frå dei tre dialogmøta ligg som vedlegg i denne saka.

I høyringsperioden kom det inn 29 merknadar. Desse ligg samla både i sin heilskap og kommentert i matrise, som vedlegg til denne saka.

I endeleg planframlegg har fleire av desse merknadane blitt teke heilt eller delvis til etterretning, mens noko har blitt teke til orientering. Enkelte merknadar har ikkje vore aktuelle å ta stilling til i

KPS, fordi det har vore einskildsak/sakshandsaming eller er meir høvelege i andre plandokument. Eit par merknadar har vore av rein ideologisk/politisk karakter slik at arbeidsgruppa ikkje har teke stilling dette men syner til politisk handsaming.

Sjå elles kommentarmatrise.

#### **Vurderingar:**

Rådmannen vurderer det framlagte plandokumentet å vere i tråd med gjeldande planstrategi, godkjent planprogram og føringar gjeve undervegs.

Medverknad frå lokalsamfunnet og spesielt utsette grupper er i tråd med nasjonale forventingar til overordna planlegging. Det er teke omsyn til regionale og nasjonale føringar og lovverk.

Innholdet i framlegget til ny samfunnsdel omhandlar dei viktigaste strategiske tema for kommunen dei neste åra på ein god måte. Det framlagte plandokumentet dannar eit godt grunnlag for den vidare prosessen med kommuneplanen sin arealdel.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Plandokumentet har ingen direkte økonomiske konsekvensar, men kommuneplanen sine målsettingar vil få konsekvensar for framtidige budsjett og økonomiplanar. Desse vil utgjere kommuneplanen sin handlingsdel.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld fleire miljøpolitiske føringar. Berekraftig forvaltning av natur, miljø og klima er sentrale mål i planen.

#### **Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel omhandlar samfunnstryggleik og beredskap, og korleis vere budd på framtidige utfordringar. Rulleringar av planar som ROS og beredskapsplanar vil følgje opp dette.

#### **Folkehelse:**

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal få positive konsekvensar for folkehelse. Det er lagt stor vekt på helsefremjande planleggjing.

#### **Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen vurderer det framlagte plandokumentet å vere tilstrekkeleg gjennomarbeidd og ha mange positive konsekvensar for kommunen som heilskap. Rådmannen anbefaler å godkjenne kommuneplanen samfunnsdel slik denne ligg føre i vedlegg til saka.